Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvam

Emne: Frå robåt og segl til ~~motor~~ motor. Bygdelag. Øystese

Oppskr. av: Jakob H. Vik Gard: Vik. övre

(adresse): Øystese G.nr. 42 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. h. v. bonde og bankkyf.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn~~: (ta også med alder, heimstad, yrke): f. 19-5-1887

SVAR

1 Notfiske. Det var eit gamalt notbruk i Øystese. Frå fyrst av var det 6 mann som åtte det fram til ikring 1860-70. Då vart det delt opp i talotepartar, men ein mann åtte 3/12 ikring 1900.
Laget leigde tuft på notanesel tel notahus, der var skaru til å vodla noti og dei hadde ei hola mint nedifjellet som dei barka nøtene i. Når dei barka nøtene om våren, so kom kvar noteigar med kvar sin tunnekjel av kopar. Dei mura opp grue og sette kjelane oppå og koka barkalog tel å barka nøtene i.
Det var eit festleg arbeid i fint ver om våren etter at vårvinna var ferdig.
Notalaget betalte grunnleiga eller jordleiga for tufta tel notahuset, og notlagskamat med 1 ort for året. Etter pengebytet i 1875 vart det 80 øre for året inntil notalaget selde båtar

15827

og nøter og hússet til burtflytting
ikring 1925–1929. Då vart det
slutt med den meir og 150 år
gamle bedrift.
Då ikkje alle noteigarar var
opplærde eller førte til notarbeid
so hadde dei som arbeidde daglön.
Den var frå gamalt 2 ort for dagen
på eigen kost og den vart i
1875 omrekna til kr. 1.60 for dagen.
Same daglöni gjeldt til 1915.
Sidan kom dei til med
større daglön.
Dei hadde ein og stundom
2 notbåtar med 3 pår årar
framme og 2 hamlårar bak.
Dei siste var mest aldri brukta.
Utan hadde lagit spelbåt som
vart nytta på det notgarn som
dei fyrst kasta i sjøen og
ein og stundom 2 lettbåtar
som notbasen og undbasen
rodde i.
Heimefiske var det viktigste.
Når dei fekk sild eller brisling
nakkt ned på bukti, so bles
mannen i nevane so det
kandest over bygdi. Då
forlet karane arbeidet sett og
la på sprang til notanestet.
Det sprang so det braka i
skinnbrokene.
Om hausten var det gjerne
på haustfiske etter brisling
utetter fjorden til Jondal og
Strandebarm og innetter
fjorden til Granvin, Ulvik

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller Eidfjord.
I 1850 – 70 åri var dei på vårsildfiske nordetter til Karmøy og sørетter til Fogna, Røver m. m.
På dette turane hadde med eit farty til „lassementa" som dei sa.
Ved oppgjord etter turen eller etter kastet var det faste regar.
Ved eit enkelt kast var det slik:
Etter at landsluten var betalt so vart resten delt i 2 like partar.
Den eine parten vart delt på folket og kvar part vart kalla luten.
Fullt mannskap var 12 mann.
På notabåten 6 roarar, ein leatførar og ein kastar.
På spellbåten 2 mann og so notabas og undebas eller skimlebas som dei og so kalla undebasen for.
Den andre parten høyrde til notabruket. Men det laut av sin del gjeva notabasen ein lut, for sjefen skulde hava 2 luter.
Eit dome:

1 kast vart sild for kr 1263.–
Herfrå 5% landslut 63.–
Att kr 1200.–

Delt i 2 partar: 600.–
på kvar part.
12 lutamenn à kr 50 = 600.–
Notabasen for 2 luter vert kr 100.–
Att på noti kr 550.– til vedlike-

15827

hald, fornying og til utbytte for parteigarane.
Var dei ute på tur med lossementa so vart rekneskapet annorleis.
Fyrst vart landsluten rekna på direkte en fast part til partyet. Eg huggsar ikkje kor stor part det var for det var venteren eller januar-mars 1906 seste gongen eg var på vaarsildfisket.
So vart resten delt i parta. Men då faktisk sin part eller litt skulde reknast ut, so vart også kokken med. Han skulde hava lut tilliks med fiskarane sjølv om han stadigt var ombord og kokka, vaska og heldt partyet i orden.

Oppløysing.

Skoringen eller om dei var fleire vart sette til å ro. Båtføraren vart sett til sjef ombord. Han kommanderte. Han heldt i rorpinnen og styrde under segling og roing. Nestkommandérande ombord var den eldste eller den som var best skikka til å ta kommandoen, dersom båtføraren vart sjuk o.l.
Ellest var det slik at sonen eller sønene til matabasen dei avanserte fort og vart ~~båtm~~ fyrst båtførar og deretter undebas og so matebas.
Dei skulde flaraste opp til å ta arven etter faren

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3 Då eg var med i vårsildfisket 5.
so tok me ombord nøter og
utstyr og sigla so sør til Haugesund. Det var uti januar.
Der gjekk me opp til kjøpmann
Sjur Lothe som var frå Lothe
i Hardanger.
Notabasen Ingebrigt Malungen
leverte Sjur Lothe ei lista over
alle som var med i laget. Me var
tvo lag ombord i jagt Elida frå
Øystese. Folket fekk so ta ut
varer i forretningen på borg
det ei trong til turen.
Oljeklær, skjorter og matvarer.
Notabasen garanterte. Og då
fisket var slutt. So betalte
notabasen varena og ved=
komande lutamann fekk
trekk i luten for varena.
Eg hadde so mange kroner
med meg at eg betalte olje=
klædne kontant. og slapp
soleis trekk.
Det var sedvane at første
turen ein ungdom var med
so skulde han kjøpa hansa=
skål og spandera på dei
andre.
Men sovidt eg hugsar so slapp
me dette. Notbasen var ein
sterkt religiøs mann og fråhalds=
mann. Det same var kokken.
Treide av lutmennene av godtemp=
larar – lemer av I.O.G.T. so me slapp
hansaskål.
Det var mykje storm den vinteren.

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Me tok inn eit rev i storseglet då me sigla sørover Sletta til Haugesund. Det stakk me ikkje ut før uti mars då fisket var omlag slutt. Men me hadde fleire dagar 2 rev i storseglet.

Notbasen til laget vårt var Lars-Johan Melingen, eldste son til Ingebrigt Melingen. Det var første året han var notbas, og han var urimeleg uroleg, før me fekk noko sild.

Som nemnt var det mykje storm og me var ute, slet og rodde alle dagar, sundag som ein dag. Då var det mest orkan. Den dagen forliste D/S Tor med Lyngholmen og 22 mann kom bort – dersom eg hugsar rett. Men vårt lag fiska godt i slutten av februar på Vikafjorden på vestsida av Bømlo. (Bømmeløyna)

Det var første året at 6 notlag som hadde avtale om samarbeid under fisket, hadde leigt ein liten dampbåt, som skulle slepa not-båtar og lettbåtar ikring, for å leita etter sild. Det var notbas Peder Olai Kleppe, seinare stortings-mann, som liksom dirigerte dampbåten. Han var rekna som den største notbas i vårsildfisket i åra 1904 – 1910. Vårt lag fekk ikkje noko nytte av den damp-båten, endå det vart me som fiska mesteparten til alle 6 notlagi. Mannskapsluten vart kr 140,- på kvar og var det beste

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

resultat i vårsildfisket den vinteren.
Det var gamal ovtru at dersom det kom rotta ombord i lassementa so vart det storfiske. Me hadde ei reservenot heak i romet på lassemeng to. Der kom rotta. Dei gamle fiskarane gledde seg til storfiske og det slo inn.

Ingebrigt Melingen og kokken heldt andakt i lasterommet der me lotsmennene budde kvar sundag, dersom me ikkje var tørna nerr ei kyrkja der det var preik. Dei tala av og til om sundagsarbeid og sigling om sundagen. Ingebrigt Melingen hevda då, at på lite lengre sigling t.d. frå Bergen til Trondheim, so hadde han alltid kome like snart fram som dei som sigla om sundagen. Han låg alltid roleg kvar sundag og heldt helg.

## II Motoren kjem.

I 1907 kom ein liten motorbåt tøffande inn til Kvam. Han var lasta med fisk som vart seld til handelsmannen. Hotelleigar N. Sandven i Norheimsund såg motorbåten og framskridtsmann som han var, tinga han snart ein liten motorbåt av Jarn frå Bergen med 6-8 h.k. motor i. Dei var 2 om motorbåten og skulde driva skysstrafikk med turistar. „Trofast" heitte

15827

motorbåten. Men sjølv om båten vekte oppsikt i fjorden so var den lite driftssikker og om eit års tid vart motorbåten seld.
Men ikkje lenge etter kom det nye motorbåtar som var meir driftssikre.
I Kvam kom ikkje notbruki til å nytta motor. Men det vart små motorbåtar som vart nytta til transport og andre som reiste med agentar og handelsreisande.
Frå 1910 og 1911 var det fleire motorbåtar i heradet.
I 1914 då dei tok til med utbygging av A/S Bjølvefossen i Ålvik, so kjøpte selskapet ein flatt motorbåt som dei kalla Bjølva.
Den vart driven med ein sterk bilmotor – bensinmotor. Den gjorde stor fart, men var dyr i drift.
Seglskuter – skøyter og jagter som dreiv fraktefart millom Hardanger og Bygane kom stradls etter og fekk sett inn motorar. Dei fyrste i åri 1911 – 13. Eg nemner
Marteın Torsson Eiksen 1871 – 1929, som sette motor i skøyta Mira.
Olav N. Steinstø 1882 – 1929 som sette motor inni skøyta si og bygsar ( ) namnet no.

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I 1921 var eg formann i styret for ein produksjonsutstilling for Kvam. Me laga prisdomaravtale saman til ei festleg tilstilling ein laurdagskveld i oktober 1921. Då heldt sekretær Ivar Bleiklie – seinare stortingsmann frå Hordaland – ein tala.

Han sa m. a. at austlendingane kalla vestlandet for den myrke kyststripa – konservative og gamaldagse og traugsynte.

Dette er ei feilvurdering. I dei siste 7–10 år har vestlendingane heilt modernisert fiskarflåten sin. Dei har gjenge over frå årar og segl til motoren. Eg nemner dette etter Ivar Bleiklie. Han var då landbrukssekretær i Hordaland og svært godt kjend i alle bygder i Hordaland.

Når ein skippar fekk motor innsett i eit farty so var han med og monterte motoren og fekk soleis opplæring av montøren. Sjøfolk la seg etter å få so driftsikre motorar som råd var.

Den aller fyrste som fekk ein petroleumsmotor til Kvam var snikkarmeistar Arne O. Steine i Lundanes i Øystese. Han sette inn ein stasjonær oljemotor som han nytta til drivkraft for bandsag, avrettar og tykkelseshøvel truleg i 1908.

15827
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller Kanhende litt før. Han nytta denne motoren til i februar 1973 då Kvam Kraftverk selde elektrisk straum på linenettet.

Ein gamal styrmann kjøpte ein liten motorbåt kring 1910-11 og dreiv transport. Han fekk trykt nokre plakatar som vart oppslegne på butikkane kring i Hardanger.

Motoren var lite driftsikker. Då hadde enkvan skrive med blekk på oppslaget: „Ingen risiko. Aarer medtages."

Dei fyrste siglefarty sette inn helst små råmotorar, som dei nytta i stille ver. Var det medvind so nytta dei segli. Dei heldt riggen og segli endå til dei fyrste 5-6 åri eller lenger til 1918 då fyrste heimskrigen slutta.

Stort sett vart motoren vel mottekne i bygdi vår. Folk var vane med å nytta vasskraft til drivkraft i mengd, på sagbruk, mylne og slipesteinar, stamper o.l.

Til kyrkje var det gamal skipnad med faste kåløg og fast høvedsmann. I storm so var det flinkaste siglaren som tok styrevolen, sjølv om han var husmann eller bonde.

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Om laurdagskvelden gjekk det
bod rundt i grendi om kormange
som skulde til kyrkje om sundagen.
Båteigarane gjorde då avtale
om kva båt ein skulde
nytta anten ein 10 æring -
8 æring - 6 æring eller tvo
båtar dersom det var
mange. Dei som hadde
opptil 2 gamle mil - 20 km -
å fara laut vera tidleg oppe
og vera frammøtte til
den fastsette tid.
Eg har før skrive om
kyrkjeferdene frå Åsgrendi
til Øystese kring 1900
i årsskriftet til
Hordaland Landbruks-
museum på Stend.

Ja dette får vera nok.
Det vart vel ingi beinveges
svar på spursmåli,
men eg har no livt opp
saman med dette
tidsskiftet frå robåt til
motorbåt

Rokabrekko i Øystese
22 oktober 1960
Jakob H. Vik
boks 200.

15827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING